

Fra: Post Verdsarvparken <post@verdsarvparken.no>
Sendt: 30.06.2026 13:59:41
Til: Gry B. Mørk <gry@verdsarvparken.no>
Emne: Høyringsframlegg strategiplan Nærøyfjorden Verdsarvpark

You don't often get email from post@verdsarvparken.no. [Learn why this is important](#)

EKSTERN!

HØYRINGSFRAMLEGG PARKPLAN 2026-2035

Til Nærøyfjorden Verdsarvpark sine stiftarar, samarbeidsaktørar, partnerar av og andre det måtte vedkjeme.

Verdsarvstiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark (NVP) rullerer Parkplanen, som målber stiftinga sin langsiktige strategi.

Strategien tek føre seg NVP sine overordna målsettingar, satsingsområde og tiltak, som skal medverke til realisering av stiftinga sitt føremål innafor definert planperiode, 2026-2035.

Føremålet til stiftinga går fram av vedtektene, der det skildrast slik:

"Stiftinga skal ha som føremål å koordinere og samordne den samla innsatsen i høve verdsarvstatusen for Nærøyfjordområdet. Stiftinga si verksemd blir regulert gjennom ein eigen Parkavtale. Parkavtalen bør harmoniserast med ein felles kommunedelplan for området.

Nærøyfjorden Verdsarvpark skal byggje på at lokalsamfunnet har eigarskap til landskaps- og kulturverdiane og aktivt fremme internasjonale verneverdiar gjennom lokal økonomisk, kulturell og identitetsmessig utvikling.

Nærøyfjorden Verdsarvpark skal skape møteplassar og utvikle partnerskap mellom eit vekslende mangfald av initiativ som fremjar parken sitt føremål.

Nærøyfjorden Verdsarvpark skal arbeide for utvikling av vertskapsrolla slik at ein fremjar ein verdiskapande kommunikasjon mellom lokalsamfunnet og omverda."

Utkast til ny Parkplan vert med dette lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i seks veker. Sjå vedlagte planutkast. Dokumentet vert og tilgjengeleg digitalt via nettsida vår f.o.m. 13. juli.

Høyringsinnspel sendast post@verdsarvparken.no innan 17. august 2026.
Merk med «Innspel Parkplan»

Underteikna kan kontaktast ved spørsmål.

Beste helsing / Best regards
Gry Beate Mørk

dagleg leiar / managing director

NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK / NÆRØYFJORDEN WORLD HERITAGE PARK

adr.: Helabrotet 2A, 5745 Aurland, Norway

tel.: +47 95 14 14 38

e: gry@verdsarvparken.no

www.vestnorskfjordlandskap.no / www.naroyfjorden.no



**Nærøyfjorden
verdsarvpark**



Dei sameinte nasjonane
sin organisasjon for
utdanning, vitskap og kultur



Vestnorsk
fjordlandskap